

Til

Fiskeridepartementet  
v/ statsråd Svein Ludvigsen

## Planar om bemanningsreduksjonar ved Fedje Trafikksentral.

### Fellesuttale :

Vi er gjort kjent med at Kystdirektoratet arbeider med store omleggingar av kystovervaking og losformidling på Vestlandet.

Kystverket er i ferd med å overflytta losformidlinga til Kvitsøy og redusera bemanninga ved Fedje Trafikksentral frå 12 til 9 trafikkleiarar. Dersom desse tiltaka vert gjennomførte, vil trafikksentralen på Fedje verta einmannsbetjent delar av døgnet – noko som heilt klart vil svekka tryggleiken i eit høgrisikoområde. 80 –90 mill. tonn råolje vert transportert forbi Fedje på kjølvart år, og talet på skipsanløp til Sture og Mongstad ligg rundt 2600 pr. år. Dette talet gjeld berre tankskip. Ein stor del av desse fartøya fører oljelaster i storleiken 2 – 400.000 tonn. Bergen hamn, som inkluderer trafikken til og frå Mongstad og Sture, er ei storhamn i europeisk samanheng. Med dei planar som ligg føre for området, vil trafikken auka i vårt nærrområde i framtida.

Verken Statoil, Norsk Hydro, Austrheim kommune, Øygarden kommune eller Fedje kommune er tilfreds med dei føreslegne bemanningsreduksjonane på Fedje. Personalinnsatsen må stå i rimeleg forhold til den aktivitet og dei verdiar som Statoil Mongstad og Stureterminalen står for. 1/3 av den norske oljeeksporten går via Mongstad.

Vi er bekymra for dei omleggingar som er på gang. Kystverket har på eigenhand lagt planar for omlegging av lostenesta. Brukarane – Statoil og Norsk Hydro, er ikkje tekne med på råd sjølv om anleggskostnader og drift i hovudsak vert finansiert av oljeselskapa. Dette er ein heilt uakseptabel framgangsmåte. Vi kan ikkje sitja roleg å sjå på at Kystverket set i verk personalmessige tiltak som vil svekka beredskapen. Tvert i mot etterlyser vi ei meir offensiv statleg satsing og ein god dialog med brukarane for å hindra skipsulykker og utslepp i eit sårbart kystfarvatn.

Både Norsk Hydro Stureterminalen og Statoil Mongstad har investert stort i førebyggjande oljevernberedskap og nye tiltak er på gang. Nytt straumradarsystem er under etablering på Fedje og Statoil Mongstad styrkar eskortetenesta. ( nybygg på gang ). Vi oppfordrar Kystverket til å revurdera sine planar om nedbemanning på Fedje.

Vi stiller oss og spørjande til forslaget om å leggja losformidlinga til Kvitsøy. Losformidlinga og trafikksentralen har fått til velfungerande og fleksible ordningar i eit samspel med brukane. Dette har gjort det mogleg å få til effektive løysingar utan unødvendig venting og tyngjande kostnader for selskapa. Dersom losformidlinga vert lagt til Kvitsøy, ser vi for oss :

- mindre tilgjengelege lostenester
- meir ventetid
- dårlegare regularitet
- auka utgifter og forverra konkurransesituasjon.

Det må vera i alle si interesse å få til ei effektiv og smidig losteneste. Vi ber om departementet si støtte til å oppretthalda losformidlinga og styrka trafikkovervakinga i vårt nærområde. Det må snarast etablerast ein god dialog med brukane for å unngå liknande feilgrep i framtida.

Mongstad, 7. november 2002

Statoil Mongstad  
v/ Per Lerøy

Norsk Hydra Stureterminalen  
v/ Morten Glitre ( sign )

Austrheim kommune  
v/ ordførar Rolf Sandstad (sign)

Fedje kommune  
v/ ordførar Vilgerd S. Husa (sign)

Øygarden kommune  
v/ ordførar Olav Martin Vik (sign)

Kopi :

Kystdirektøren  
Kystdistriktssjefen  
Losoldermannen  
BT  
BA  
Lokalavisene Strilen og Nordhordland Avis.